FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Ureiningstilsyn
Inspeksjonsrapport

Sakshandsamar: Anne Sigrid Loftesnes Harjo
Telefon: 57 64 31 46
E-post: fmsfash@fylkesmannen.no

Vår dato
15.02.2013

Vår referanse
2013/700
Rapportnummer
2013.040.I.FMSF

Dato for inspeksjonen: 08.02.2013

Informasjon om kontrollert verksemd

Namn: **Tine Meieriet Vest Vik**	Org.nr. for verksemda: **973064673**
Adresse: **6893 Vik i Sogn**	Tlf.nr./e-post for verksemda:
Kommune/kommunenr.: **Vik/1417**	Bransjenr. (NACE-kode): **10.510**
Anleggsaktivitet: **Meieri**	Anleggsnummer: **1417.0001**

Til stades under inspeksjonen

Frå verksemda: **Joanna Tenold og Per Henning Liljedahl**	Frå Fylkesmannen: **Grete Hamre og Anne Sigrid Loftesnes Harjo**

Innhald i rapporten

Rapporten beskriver avvik og merknader som vart konstaterte under inspeksjonen.
Følgjande hovudtema vart kontrollerte:

- Utslepp til vatn
- Avfallshandtering
- Miljørisikovurdering
- Vilkår i løyve av 12.10.2009

Status for rapporten

Denne rapporten har status som førebels. Dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil i rapporten innan 2 veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Resultat frå inspeksjonen

☐ Ingen avvik
☒ Kontrollen avdekte **2** avvik frå regelverket

Oppfølging etter kontrollen

☐ Inga tilbakemelding
☒ Verksemda pliktar å rette avvika. Fylkesmannen pålegg verksemda å gje ei skriftleg tilbakemelding som stadfester at avvika er retta, og som gjer greie for gjennomførte tiltak. Vi ber også om tilbakemelding på eventuelle merknader som er gjevne.

Frist for skriftleg tilbakemelding: **22.03.2013**

Pålegg om skriftleg tilbakemelding er gjeve med heimel i forureiningslova § 49. Vedtaket kan påklagast innan tre dagar etter at pålegget er motteke, jf. forvaltningslova § 14. Ein eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast Fylkesmannen.

Vedtak om gebyr for kontroll

Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen, jf. forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) § 39-3. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemder med utsleppsløyve er fastsett i ureiningsforskrifta § 39-6. Det vart informert om gebyr under tilsynet og i e-post som vart sendt verksemda.

Fylkesmannen vedtek med dette at Tine Meieri Vest Vik skal betale eit gebyr på kr. 4 500,- for den gjennomførte kontrollen.

Faktura med innbetalingsblankett vert ettersendt frå Klif. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Vedtaket om gebyr kan påklagast til Klif, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket gjeld. Ev. klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via Fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein ev. klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, blir for mykje innbetalt beløp refundert.

Dokumentunderlag

- *Lov av 13. mars 1981 om vern mot forurensninger og om avfall* (forureiningslova)
- *Lov av 19. juni 1970 om kontroll med produkter og forbrukertjenester* (produktkontrollova)
- *Forskrift av 1. juni 2004 om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta)
- *Forskrift av 1. juni 2004 om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta)
- *Forskrift av 6. desember 1996 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskrifta)
- Utsleppsløyve til Tine Meieriet Vest Vik av 12.10.2009 gjeve i medhald av forureiningslova § 11

Informasjon om regelverket finst på www.klif.no og www.regelhjelp.no.

Offentlegheit i forvaltninga

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg, jf. offentleglova.

Kopi av endeleg rapport blir også sendt kommunen.

Med helsing

Grete Hamre
overingeniør

Anne Sigrid Loftesnes Harjo
overingeniør

Rapporten er elektronisk godkjent og utan underskrift

Definisjonar

Avvik:
Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga, for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene, eller krav og vilkår fastsett i løyve og dispensasjonar.

Merknad:
Tilhøve som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta ytre miljø, og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Avvik

Følgjande avvik vart konstaterte ved inspeksjonen:

☒ Avvik 1: Avfallshandteringa er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå:

- Avfallsforskrifta §§ 11-8 og 11-12
- Pkt 8 i utsleppsløyvet datert den 12.10.2009 etter forureiningslova § 11 jf 16

Grunnlaget for avviket er kryssa av og kommentert under:

☐ a Verksemda har ikkje oversikt over det farlege avfallet dei har.

☒ b Farleg avfall blir ikkje levert til godkjent mottak.

☒ c Verksemda gjev ikkje tilstrekkelege opplysningar ved deklarering av farleg avfall.

☒ d Farleg avfall er ikkje forsvarleg merkt og lagra og levert innan fristen på eitt år.

☐ e Verksemda sender biologisk nedbrytbart avfall til mottak som ikkje er godkjent for det.

☐ f Våtorganisk avfall blir ikkje mellomlagra tilfredsstillande.

☐ g Verksemda deponerer biologisk nedbrytbart avfall på eige område utan løyve.

☐ h Verksemda brenn avfall på eige område utan løyve.

☐ i Anna grunnlag for avviket:

Kommentarar:
Til punkt b): Meieriet leverer farleg avfall til SIMAS, unnateke spillolje, som vert levert til den lokale bensinstasjonen. Meieriet kan ikkje dokumentere dette. Verksemda må sikre at spillolje blir levert årleg og til godkjent mottakar for farleg avfall.

Til punkt c): Verksemda kunne ikkje framlegga noko dokumentasjon på levering, i form av deklarasjonsskjema. Farleg avfall skal kunne sporast frå avfallsprodusent til sluttbehandling. Avfallsforskrifta har krav om at deklarasjonsskjema skal fyllast ut ved levering, som dokumentasjon på type og mengde farleg avfall levert, og følgje avfallet vidare til sluttbehandling, jf. avfallsforskrifta § 11-8 og 11-12. Som avfallsprodusent er de ansvarleg for at deklarasjonsskjemaet er riktig utfylt.

Til punkt d): Verksemda kunne ikkje vise til ei årleg levering av farleg avfall. Det er eit minimumskrav at farleg avfall skal leverast årleg dersom den totale mengda farleg avfall overstiger 1 kg. Verksemda må lage seg rutinar på handtering av farleg avfall som sikrar at alt farleg avfall vert levert til godkjent mottakar årleg.

☒ Avvik 2: Miljørisikovurderinga er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 pkt 6, 7 og 8

Grunnlaget for avviket er kryssa av og kommentert under:

☐ a Verksemda har ikkje gjennomført miljørisikovurdering for utslepp til vatn.

☐ b Verksemda har ikkje gjennomført miljørisikovurdering for utslepp til kommunalt nett.

☐ c Gjennomført miljørisikovurdering er ikkje dokumentert.

☒ d Miljørisikovurderinga omfattar ikkje alle tilstandar eller uønskte hendingar som er relevante for ytre miljø.

☐ e Verksemda har ikkje laga akseptkriterium som klargjer kva som er akseptabel risiko og kva som krev risikoreduserande tiltak.

☐ f Verksemda kan ikkje dokumentere at ho har følgt opp miljørisikovurderinga med planar og tiltak for å redusere risikoforholda.

☐ g Verksemda har ikkje oppdatert miljørisikovurderinga etter at risikoforholda er endra.

☐ h Verksemda har ikkje vurdert substitusjon av prioriterte stoff eller stoff med liknande eigenskapar der mindre farlege stoff er kjende/utprøvde.

☐ i Rutinar for miljørisikovurdering er mangelfulle eller ikkje dokumenterte.

☐ j Verksemda har uklare ansvarsforhold for gjennomføring av intern/ekstern rapportering av resultata frå utsleppskontrollen til vatn. Overskriding av utsleppsgrensene i løyvet blir ikkje rapportert til myndigheitene.

☐ k Verksemda har mangelfulle rutinar for avviksbehandling.

☐ m Anna grunnlag for avviket.

Kommentar:
Verksemda kunne dokumentere risikovurdering av kjemikaliar. Verksemda kunne ikkje vise til risikovurdering av faktorar som kan ha påverknad for ytre miljø. Verksemda må kjenne risikoen for forureining ved vanleg drift og ved alle arbeidsoperasjonar samt uønska hendelsar som kan oppstå ved verksemda. Ut frå dette kan ein lage rutinar for å minske risikoen for kjemiske helsefare, utslepp og forureining, og lage beredskapsplanar for uønska henselsar. Verksemda må kunne vise til ei utvida risikovurdering med tilstandar som er relevant for ytre miljø.